



Sak nr D-

Vår dato:  
05.01.2016

Vår referanse:  
2011/782-567141/2016

Vår saksbehandlar:  
Geir Ebbesvik Aga

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 54

Dykkar dato:  
08.12.2015

Dykkar referanse:  
2014/555-34

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## SØKNAD OM Å BLI TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Syner til brev frå Hordaland fylkeskommune der fleire kommunar vert inviterer til å verte med i prosjektet «Trafikksikker kommune» i 2016. I kommunen sin Handlingsplan for folkehelse 2015, vedtatt av kommunestyret 08.12.14, var eit av tiltaka at kommunen burde ha som mål å verte sertifisert som trafikksikker kommune. Dette sett i samanheng med at kommunen sin TS-plan skulle reviderast i 2015 og at trafikksikker kommune skulle inn i den nye TS-planen. Denne TS-planen er no ute til høyring med frist 15.01.16, og trafikksikker kommune er godt forankra i forslag til ny TS-plan.

Bømlo kommune har i sin folkehelsestrategi eit mål om å verte ein trafikksikker kommune jamfør prosjektet. Det vart samrøystes vedtatt i kommunestyret 16.02.15 følgjande:

1. *Bømlo kommune har som mål å bli sertifisert som «Trafikksikker kommune»*
2. *Bømlo kommune skal vere mellom dei 10 kommunane i Hordaland som vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden 2014-2017.*

Bakgrunn for den politiske saka var at utval for areal og samferdsel i sitt møte 19.11.14 hadde bedt om ei sak for å vurdere kva som måtte gjerast for at Bømlo kommune kunne verte ein trafikksikker kommune. Det er altså politisk initiert.

Bømlo kommune søkjer med dette om å verte ein av dei 3-4 nye kommunane som vert inkludert i arbeidet med å verte sertifisert som trafikksikker kommune. Det er gjort nødvendige politiske vedtak og arbeidet er godt forankra i kommunen både politisk og administrativt jamfør revidering av den kommunale TS-planen og i folkehelsearbeidet til kommunen.

Med helsing  
Bømlo kommune

Geir Ebbesvik Aga  
Rådmann

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*